
Fra: Marianne Aadland Sandvik
Sendt: 19. mai 2016 13:56
Til: 'melchior_h86@hotmail.com'
Emne: Førespurnad om flytebryggje

Hei

Viser til førespurnad om prosess for utlegging av flytebrygge frå naust som høyrer til Naustvika 17.

Delar av eigeidomen er satt av til naustformål, og vi antar at det er her du ønskjer ei flytebryggje. Viss ikkje må du gje meg ei tilbakemelding.

Ei flytebryggje er i utgangspunktet ikkje i strid med arealformålet naust. Meland kommune har likevel ei føresegn (1.6.7) som inneber at det ikkje kan tillatast utlegging av flytebryggje utanom som fellesanlegg. Ei flytebryggje er eit fellesanlegg når det er felles for to eller fleire nausteiningar. Viss du ikkje ønskjer eit fellesanlegg, må du eventuelt søkjer om dispensasjon frå kommuneplanens krav til fellesanlegg, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

I tillegg er ei flytebryggje søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-2, jf § 20-1. I utgangspunktet er det krav om bruk av ansvarleg føretak, men viss flytebryggja er lita kan kommunen tillate at tiltakshavar søkjer på eiga hand. Dette må vurderast når ein veit storleiken/omfanget av tiltaket.

Håper dette gav svar på det du lurte på. Du må gjerne ta kontakt att viss noko var uklårt.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

